



Utval: Eldrerådet
Møtestad: Møterom 2. etasje, Fitjar rådhus
Dato: 18.09.2017
Tid: 11:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Arvid Ole Refvik	Leiar	
Eva Pernille Tufteland	Nestleiar	
Grete Marit Veka Maraas	Medlem	
Torunn Johansen	Medlem	
Trude Helland	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
-------------	-----------------	--------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
-------------	------------------	--------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Wenche Tislevoll	Ordførar
Atle Tornes	Rådmann
Anne Økland	Helse- og sosialsjef
Marianne Ytrearne	Sekretær

Arvid Ole Refvik
Leiar

Marianne Ytrearne
sekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 22/17	Godkjenning av protokoll	
PS 23/17	Eldredagen 4. oktober 2017	
PS 24/17	Bustader for dei eldre i Fitjar	
PS 25/17	Budsjett 2018	
PS 26/17	Middag for eldre på Fitjar fjordhotell	
PS 27/17	Trivselstiltak for dei eldre på institusjon	
PS 28/17	Eldres digitale deltaking	
PS 29/17	Eldrerådskonferansen i Bergen 7-8 november 2017	
PS 30/17	Eldrerådskurs	
PS 31/17	Detaljregulering for Årskog industriområde	
PS 32/17	Ymse	

PS 22/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet godkjenner protokoll frå møtet 28.08.17.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Representanten Grete Marit Veka Maraas påpekte at det ikkje var protokollført i førre møte, om endring av møtetidspunkt skulle gjelda framover eller berre dagens møte. Det gjaldt berre dagens møte.

Eldrerådet godkjenner protokollen frå førre møte.

Vedtak: (Samrøystes)

Eldrerådet godkjenner protokollen med merknader frå møtet 28.08.17.

PS 23/17 Eldredagen 4. oktober 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Eldrerådet fordeler oppgåvene.

Representanten Grete Marit Veka Maraas har hatt kontakt med rektor Håvard Kroka, på kulturskulen, tidspunkt ikkje klart.

Leiar Arvid Refvik ordnar med blomar. Medlem Torunn Johansen skaffar billettblokkar og veksepenger og sel billettar saman med varamedlem Inga Skumsnes.

Utlodning på inngangsbillettane: Nestleiar Eva Pernille Tufteland skaffer gavekort på komlemiddag på hotellet. Eldrerådet betaler for eitt gavekort og nestleiar spør hotellet om dei kan bidra med eitt gavekort. Ordførar Wenche Tislevoll bidrar med boka «Fitjar kyrkje 150 år» som gevinst.

Sekretær lagar plakatar, kopierer opp songhefter og sørger for annonsering av eldredagen i Fitjarposten og Sunnhordland.

Sekretær tar kontakt med Ellinor Bergesen på Frivilligsentralen angående transport, for dei som ikkje har nokon å sitja på med eller kan kjøra seg.

Tilleggsopplysningar:

Etter at møtet var ferdig og protokollen ikkje var ferdig skriven, hadde representanten Grete Marit Veka Maraas fått melding om at det passar best for kulturskulen at dei kan få spele snart arrangementet startar.

Torunn Johansen har hatt kontakt med varamedlem Inga Skumsnes og ho blir med på eldredagen.

Sekretær har snakka med Ellinor Bergesen på Frivilligsentralen angående transport.

Ho har nokre frivillige som kan stille opp. Det blir også oppfordra at fleire kan kjøre samem i bil eller privatpersonar kan hjelpe til.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 24/17 Bustader for dei eldre i Fitjar

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Rådmann Atle Tornes informerte:

Kommunen kan i utgangspunktet ikkje bygge på det området eldrerådet viste til pga. strid med kommuneplanen. Det skal truleg utarbeidast ein reguleringsplan til ny historisk minikyrkje, med gangsti til FV 545. Denne planen vil og vera i strid med kommuneplan. Arbeidet med ein slik plan kan kanskje samordnast med regulering av dei nemnde bustadane.

Leiar Arvid Refvik tar kontakt med private utbyggjarar/grunneigarar.

Dei eldre vil helst leiga, sjølv om det er dyrare å leige enn å eige. Kommune får ingen støtte til bygging av eldrebustader for utleige, kun til bustader for vanskelegstilte. Kommunestyret vil ikkje kjøpe eldre bustader pga. ekstra utgifter med oppussing osv.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

PS 25/17 Budsjett 2018

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Saka blir tatt opp i neste møte.

Vedtak/tilråding:

Som framlegg.

PS 26/17 Middag for eldre på Fitjar fjordhotell

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Nestleiar Eva Pernille Tufteland har hatt kontakt med hotellet. (Larsen)
Komlemiddagen har aldri vore halv pris, men 25 kroner i avslag, altså kr 150,-.
Vikar som hadde feil opplysning om tilbudet. Dei skal informere alle tilsette om rabatten.
Etter kl. 14.00 er det full pris.

Eldrerådet ynskjer at det skal annonserast meir for eldremiddagen. Heimesjukepleien kan få informasjon som dei kan gje vidare til dei eldre.

Eldrerådet oppmodar leiar til å kontakte Sunnhordland og Fitjarposten og spørre om dei vil koma og lage ein reportasje om middagen.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 27/17 Trivselstiltak for dei eldre på institusjon

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Leiar Arvid Refvik informerer helse- og sosialsjef Anne Økland om saken.

Representanten Grete Marit Veka Maraas fortel at det er frivillige frå bygda som vil jobbe med trivselstiltak på helseinstitusjonane på Fitjar, men for at dette skal fungera, må det oppnemnast ein koordinator.

Helse- og sosialsjef Anne Økland kallar inn Iren Hamborg og Ellen Sandsmark (leiarane på Fitjar bu- og behandlingssenter og Havnahuset) og leiar Ellinor Bergesen på Frivillig-sentralen, til møte for å drøfte saka.

Dei frivillige har ofte opplevd at det har vore lite pasienter på stovene. Representanten frå Fitjar bu- og behandlingssenter, Trude Helland, seier at det er ein del sjuke pasienter på FBB og det har ofte med deira dagsform om dei kan vera med i arrangement. Ho fortel også om at nokre elevar på Rimbareid skule, har «Innsats for andre», som valfag. Dei ville gjerne arrangera aktivitetar for dei eldre, men tidspunktet passer dårlig pga middags-servering. Det blir drøfta litt kring dagtilbudet og heimebesøk.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 28/17 Eldres digitale deltaking

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek orienteringa til vitande.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Nestleiar Eva Pernille Tufteland opplyser om at det har vore arrangert datakurs på seniorsenteret, men det har vore lite interesse for det. Representanten Grete Marit Veka Maraas opplyser om at nytt kurs på seniorsenteret ved Leif Kåre Helland, er utsatt til november. Tilbodet bør publiserast betre.

Seniorsenteret bør ta kontakt med institusjonane for å kartleggja kva ynskje dei eldre har angående opplæring innan data.

Nestleiar Eva Pernille Tufteland ber sekretær om å skaffe statuttane/vedtektene til Fitjar seniorsenter til neste møte.

Det har vorte uttrykt ynskje fra nokre av dei eldre at dei ynskjer å lære mer om data og å ha ein stad der dei kan henvenda seg for å få hjelp.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 29/17 Eldrerådskonferansen i Bergen 7-8 november 2017

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet sender på eldrerådskonferansen.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Eldrerådet sender Eva Pernille Tufteland og Torunn Johansen på Eldrerådskonferansen i Bergen.

Sekretær for eldrerådet sender påmelding til Hordaland fylkeskommune – fylkeseldrerådet.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 30/17 Eldrerådskurs

Framlegg til vedtak/tilråding:

Eldrerådet sender på eldrerådskurs.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Påmeldingsfristen til kurset var den 15.09.17. Eldrerådet drøfta og vel å ikkje senda nokon på kurs i år.

Vedtak/tilråding:

På grunn av at fristen var gått og at ein ikkje såg behov for kurs, vel Eldrerådet å ikkje delta på kurs denne gongen.

PS 31/17 Detaljregulering for Årskog industriområde

Framlegg til vedtak/tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Rådmann Atle Tornes orienterte litt om detaljreguleringsplanen. Eldrerådet konkluderte med at dette er ikkje noko dei skal gje uttale til.

Vedtak/tilråding:

Eldrerådet tek saka til vitande.

PS 32/17 Ymse

Framlegg til vedtak/tilråding:

Behandling i Eldrerådet - 18.09.2017:

Ordførar Wenche Tislevoll har vore i kontakt med Råd for funksjonshemma. Dei hadde misforstått og vil gjerne vere med på å søkja støtte til utbetring av heisen på Fitjar kultur- og idrettsbygg.